

Sjå adresseliste

Dato: 29.06.2015
Vår ref.: 2015/4452-2
Saksbehandlar: jomragn
Dykkar ref.:

Boston AS, søknad om konsesjon for opptak av skjelsand i Bømlo kommune, områda Nordøyane, Utfatet sør og Klovning - Høyring

Hordaland fylkeskommune har motteke søknad frå Boston AS, datert 03.03.2015, om konsesjon for opptak av skjelsand frå tre område i Bømlo kommune. Områda vert her kalla "Nordøyane", "Utfatet sør" og "Klovning", vist på vedlagde kart. Søknaden vert med dette sendt på høyring med **høyringsfrist 10. september 2015**.

Søknaden

Boston AS har hatt konsesjon for opptak av skjelsand frå dei to konsesjonsområda "Nordøyane" og "Utfatet", ein konsesjon som gjekk ut 07.03.2015. Denne søknaden gjeld forlenging av konsesjonen på området "Nordøyane", og uttak frå to nye konsesjonsområde, her kalla "Utfatet sør" og "Klovning". Konsesjonsområdet "Utfatet" er ikkje søkt forlenga. Oversiktskart over dei omsøkte konsesjonsområda er vist i vedlegg 1. Søknaden (søknadsbrev, utfylte søknadsskjema og kart) er vist i vedlegg 2 (10 sider).

Det er søkt om forlenging/konsesjon i 5 år, og opptak heile året. Det er opplyst om at selskapet tek opp skjelsand med sugestyr. Ifølgje søknaden er bruksformålet det same som før, i søknadsskjema oppgitt å vere jordforbetring og dekning av havbotn.

På området Nordøyane er det søkt om same årlege uttaksvolum som før, inntil 10.000 m³. I søknaden er det vurdert at det er mykje skjelsand i området der. På områda Utfatet sør og Klovning er det søkt om årleg uttak på til saman inntil 10.000 m³. Areal og årleg omsøkt opptaksvolum på dei omsøkte konsesjonsområda er vist i tabellen rett under.

Konsesjonsområde	Areal (dekar)	Årleg omsøkt opptak (m ³)
Nordøyane	162,432	10 000
Utfatet sør	74,882	10 000
Klovning	33,764	
Sum	271,078	20 000

Om søknadsbehandlinga

Løve til opptak av skjelsand vert gitt i medhald av lov 21. juni 1963 nr. 12: *Lov om vitenskapelig utforskning og undersøkelse etter og utnyttelse av andre undersjøiske naturforekomster enn petroleumsforekomster* (kontinentalsokkellova). Etter lova ligg retten til skjelsandressursane til staten. Fylkeskommunen er delegert konsesjonsmynde for opptak av undersjøisk skjelsand, sand og grus etter lova. I rundskriv 1.4.93 er det fastsett retningslinjer ved sakshandsaming og tildeling av konsesjonar. Lenkjer til kontinentalsokkellova, samt til rundskriv 1.4.93 er lagt ut på www.hordaland.no/skjelsand.

Avgjerd om konsesjon skal gjevast vert fatta etter ei skjønsmessig vurdering, der fordelane med tiltaket vert haldt opp mot dei ulemper det vil medføre. Lova sitt formål set ramme for kva omsyn ein kan vektleggje i denne samanheng. Av forarbeida til lova går det fram at formålet med lova var å gje norske myndigheiter

ein klar heimel til å føre kontroll med undersøking og utnytting av dei undersjøiske naturførekomstane. Miljømessige og geografiske forhold vil såleis vere relevante moment ved vurderinga. Å t.d. prioritere søkjarar frå eige fylke vil vere eit utanforliggjande omsyn i denne samanheng. Konesjon kan maksimalt gjevast for eit tidsrom på 5 år. Det er høve til å søkje om forlenging. Eit alminneleg konesjonsvilkår, jf. rundskriv 1.4.93, er at opptak av massar skal føregå på ein slik måte at det ikkje vert til hinder eller ulempe for ferdselen på sjøen, det alminnelege fiske, fugle- eller friluftslivet i området. Spesielt skal det sjåast til at verksemda ikkje skadar fisk som står i merdar eller som er låssett. Dersom opptaksområdet grensar mot viktige gyte- og oppvekstområde for villfisk eller områder med spesielle naturvern- eller friluftssinteresser som t.d. sjøfuglreservat, havstrand- eller våtmarksområde, skal det utvisast særlege omsyn under drifta. I utgangspunktet er altså uttak av skjelsand ikkje i strid med desse arealføremåla.

Vi viser til forskrift om konsekvensutgreiingar etter sektorlover (gjeldande frå 1.1.2015), jf. plan- og bygningslova kapittel V (§ 14-6), der fylkeskommunen er ansvarleg myndigheit for omsøkte tiltak. Tiltaket kjem inn under Vedlegg II, nr 2 a) *Mudringsrelatert kommersiell utvinning av mineral frå havbotnen*, der behandlinga skal knytast opp til kontinentalsokkellova. Uttak av skjelsand er ikkje omfatta av forureiningsforskriftas kapittel 22 om mudring og dumping i sjø og vassdrag, jf. forureiningsforskrifta § 22-2 (Definisjonar).

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 skal leggjast til grunn som retningsliner ved utøving av mynde som påverkar naturmangfaldet. Det følgjer at naturmangfaldlova sine prinsipp også må leggjast til grunn når ein gjer vurderingar av omsøkte tiltak etter kontinentalsokkellova.

Fylkeskommunen kan ikkje treffe vedtak om konesjon i strid med bindande arealplan, med mindre det aktuelle planmyndet samtykker.

I samsvar med rundskriv 1.4.93 har det vore praksis at søknadar om konesjon for opptak av skjelsand vert sendt til fylkeskommunen, og at fylkeskommunen sender søknaden på høyring til høyringsinstansane.

Saksopplysningar

På områda "Nordøyane" og "Utfatet" har det vore skjelsandkonesjon sidan 7.3.2002, som har blitt forlenga fleire gonger og skifta eigar. Boston AS har hatt konesjon på områda frå 7.3.2007. Samla, rapportert skjelsandopptak frå Nordøyane i perioden 2002-2014 er ca 33840 m³, og frå området Utfatet ca 5550 m³. I søknaden er det opplyst om at skjelsanden på Utfatet har hatt stor innblanding av stein, og av den grunn ikkje særleg godt eigna til formål som skjelsand vert brukt til. Den utgatte konesjonen gav høve til uttak av opptil 8000 m³ skjelsand årleg. I forhold til den utgatte konesjonen inneber søknaden eit utvida opptaksvolum på årleg inntil 2000 m³ massar.

Vi kan ikkje sjå at det har kome meldingar om at uttak av skjelsand i perioden 2002-2014 har medført ulemper.

Planstatus

I kommuneplanen sin arealdel (vedteken 18.3.2013), viser plankartet at området "Nordøyane" er lagt ut som underformål råstoffutvinning (RU) under § 11-7 nr. 1 (Bebyggelse og anlegg). Området ligg innanfor området H-560_7 (Bevaring naturmiljø). Vi finn ikkje skjelsand eller skjelsanduttak omtalt i planomtalen til arealdelen eller i føresegn.

Områda "Utfatet sør" og "Klovning" er ikkje lagt ut som område for råstoffutvinning på plankartet. Områda ligg derimot rett sør for området "Utfatet" som er lagt ut som område for råstoffutvinning, og alle desse områda ligg i det generelle området lagt ut som fiske, ferdsel, natur- og friluftsområde (FFNF) under arealformålet § 11-7 nr. 6 (Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone).

Fylkesplan for Hordaland 2005-2008 (forlenga inntil vidare), inneheld ei fylkespolitisk retningsline som seier at "Område for skjelsandopptak skal vurderast og gjerast synleg i arealplanar".

Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger er på høyring, med høyringsfrist 1. oktober. Under næringsinteresser står det der: "Det er kartlagt relativt store skjellsandførekomstar i kystområda i Hordaland. Kommunane vert oppmoda om å visa konsesjonsområde for skjellsandutvinning i kommuneplanen, sjølv om denne aktiviteten i utgangspunktet ikkje er i strid med andre arealføremål. Uttak av skjellsand medfører terrenginngrep, og det er difor viktig å ta omsyn til andre interesser i området."

Overordna retningslinjer om planhandtering av skjellsand i sjøområdet

Vi viser til Miljøverndepartementet sin retteleiar T-1491 Kommuneplanens arealdel. I rettleiaren, (side 89), er det omhandla skjellsand som underformål under pbl § 11-7 nr. 6 (Bruk og vern av sjø og vassdrag). Det står:

Skjellsanduttak er ikke eget underformål i plan- og bygningsloven. Areal kan avsettes til skjellsanduttak ved å bruke det generelle formålet "bruk og vern av sjø og vassdrag" og spesifisere bruken nærmere gjennom bestemmelser. Bestemmelser etter § 11-11 nr. 3 kan gis om "bruk og vern av vannflate, vannsøyle og bunn", og dette gir muligheter for å styre skjellsanduttak. Det kan også være en mulighet å benytte formålet råstoffutvinning etter § 11-7 nr. 1, dersom det anses mer hensiktsmessig.

Vurdering før høyring

Vurdering ut frå forskrift om konsekvensutgreiing for tiltak etter sektorlover

Søknad om løyve for eit vedlegg II-tiltak i forskrifta skal vurderast nærare etter føresegnene i § 3, jf. § 2. Etter § 3 skal ansvarleg mynde i samband med behandlinga av søknaden ta stilling til om tiltaket kan få vesentlege verknader, jf. vedlegg III, tredje ledd. Vi vurderer at søknaden gir eit tilfredsstillande grunnlag for å vurdere i høyringa om tiltaket kan få vesentlege verknader.

Vurdering ut frå plan – områda "Utfatet sør" og "Klovning"

Det er søkt om uttak frå to nærliggjande område til området "Utfatet", etter at "Utfatet" viste seg å innehalde lite eigna massar. Rapportert uttak frå området "Utfatet" i perioden 2002-2014 er mindre enn kva ein kunne ha teke ut på berre eitt år, så området der vert rekna som lite rørt, og vert difor søkt erstatta med to andre nærliggjande område.

Høyringssvar

Vi føretrekkjer at høyringssvar vert sendt elektronisk. Mottakar for elektronisk innsendte høyringssvar er: hfk@hfk.no. Høyringssvar kan alternativt sendast til: Hordaland fylkeskommune, Klima- og naturressursseksjonen, Postboks 5020 Bergen.

Svar merkast med referansenummer 2015/4452. Vi ber om at svar vert sendt innan 10. september 2015.

Gudrun Mathisen
leiar

Jomar Ragnhildstveit
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: 1. Oversiktskart
2. Søknad med vedlegg

Høyringsinstansane

Bømlo kommune postmottak@bomlo.kommune.no ,

Fylkesmannen i Hordaland fmhopostmottak@fylkesmannen.no

Fiskeridirektoratet, region vest postmottak@fiskeridir.no

Bergens Sjøfartsmuseum, bergens.sjofartsmuseum@bsj.uib.no

Mattilsynet, region sør og vest, Avdeling Hardanger og Sunnhordland postmottak@mattilsynet.no

Forsvarsbygg, servicesenter@forsvarsbygg.no

Kystverket Vest, post@kystverket.no

Telenor, gravemelding.oslo@geomatikk.no

Høyringseiningar i Hordaland fylkeskommune

Kultur- og idrettsavdelinga, (Kulturminnevern), her

Klima- og naturressursseksjonen, (Akvakultur), her